



Årsplan for kommunale barnehagar i Kvam herad

2025 - 2026



Velkommen til barnehagar i Kvam

Kvam herad har 6 kommunale barnehagar. Leiinga i barnehagane har tett samarbeid og jobbar for at alle barnehagane skal ha felles identitet med same visjon og hovudmål. Born og foreldre i Kvam skal møte på like gode barnehagar same kva barnehage dei går i. Barnehagane har godt samarbeid med den private barnehagen i kommunen.

Hovudmål - *Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande miljø der dei opplever meistring.*

Visjon - *Me skapar gode barndomsminne og livsglede.*

Felles satsingsområde: Trygt og godt barnehagemiljø, Rekom, BTI og Sjå barnet innanfrå.

Kommunale barnehagar i Kvam har felles årsplan for å sikra likskap mellom barnehagane. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og skal visa korleis personalet skal arbeida for å omsetja rammeplanens formål og innhald og barnehageeigars lokale tilpassingar til pedagogisk praksis. Meir detaljert informasjon av planar og aktivitetar blir gjeve av den enkelte barnehage. Årsplanen inneheld informasjon om korleis barnehagen arbeider med omsorg, danning, leik og læring for å fremje barns allsidige utvikling. Gjennom årsplanen får foreldre, samarbeidspartar, barnehagemynde og politikarane i kommunen informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid, korleis barnehagelova sine bestemmingar om innhald (§ 2), barns rett til medverknad (§ 3) og korleis rammeplanen vert følgt opp, dokumentert og vurdert. Samarbeidsutvalet og foreldre skal involverast i arbeidet med årsplanen og samarbeidsutvalet i barnehagen skal godkjenna den.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd

Rammeplan for barnehage og Lov om barnehagar er styringsdokument barnehagane er tufta på. Dei gjev føringar på kva innhald barnehagane skal ha og kva ansvar personalet har. I tillegg føl me vedtekter for barnehage som er politisk vedtatt [Vedtekter for kommunale barnehagar - Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no). Barnehage er ifølge rammeplan for barnehage ei pedagogisk verksemd der samfunnsmandatet er å ivareta borna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal tilby born under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til borns beste, i samarbeid og forståing med bornas heim.



Barnehagen sitt verdigrunnlag

Born og barndom

I barnehagane våre anerkjenner me barndommens eigenverdi. Dette gjer me gjennom at alle borna får bidra, og oppleva ein barndom prega av trivsel, venskap og leik. Gjennom aktivitetar i barnehagane våre, førebur me borna på deltaking i samfunnet, og bidrar til å leggja grunnlag for eit godt liv. Alle handlingar og avgjersler som påverkar bornet, skal ha bornets beste som grunnleggande omsyn, jf. Grunnloven § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Dette er eit overordna prinsipp som gjeld all barnehageverksemd.

Demokrati

Gjennom deltaking i barnehagane sitt fellesskap, skal borna i Kvam få moglegheit til å utvikla forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. Me fremjar demokrati og eit inkluderande fellesskap der alle får anledning til å ytra seg, bli høyrte og få delta. Alle born skal få oppleva demokratisk deltaking ved å bidra og medverka til barnehagen sitt innhald, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheiter.

Mangfald og gjensidig respekt

Me verdset og fremjar mangfald og gjensidig respekt i barnehagane våre. Me ser på mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet.

Likestilling og likeverd

I barnehagane våre fremjar me likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagane i Kvam skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.



Berekraftig utvikling

I barnehageåra skal borna læra seg å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda. Me har difor ei viktig oppgåve å fremja verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. Barnehagen skal leggja grunnlag for borna si evne til å tenka kritisk, handla etisk og visa solidaritet. Borna skal få erfaringar med å gje omsorg og ta vare på omgjevnadane og naturen. Borna skal få naturopplevingar og bli kjent med naturens mangfald, og få ei oppleving av tilhøyrslse til naturen.

Barnehagane i Kvam skal læra born å kjeldesortera og arbeidar for å redusera bruk av plast i barnehagen.

Livsmeistring og helse

Barnehagane våre skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon som fremjar fysisk og psykisk helse, og bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Barnehagen skal bidra til bornas trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd og førebygga krenking og mobbing. Barnehagane våre skal vera ein trygg stad med nulltoleranse for mobbing og andre krenkingar. Barnehageeigar og styrarane har laga ein handlingsplan mot mobbing. I eit trygt barnehagemiljø skal borna få prøva ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Dei vaksne skal vera ei støtta for borna og støtta dei i å meistre motgang, handtera utfordringar og bli kjent med eigne og andre sine følelsar.

Barnehagekvardagen skal innehalde ro, kvile og avslapping kombinert med leik og dagleg fysisk aktivitet som fremjar glede ved bevegelse og motoriske utvikling. Måltid og matlaging i barnehagen skal gje borna eit grunnlag for å utvikla matglede og sunne helsevanar. Gjennom den daglege og nære kontakten med borna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observera og få informasjon om bornas omsorgs- og livssituasjon.





Omsorg, leik, danning og læring



Barnehagen sitt formål og innhald

Barnehagen skal ivareta borns behov for omsorg

Omsorg er ein føresetnad for bornas tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gje borna moglegheit til å utvikla tillit til seg sjølv og andre. I barnehagane våre skal alle born oppleva å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Personale skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom borna og personalet og mellom borna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Barnehagane i Kvam skal ha eit bevisst og reflektert personale som ser borna innanfrå.

Barnehagen skal ivareta borns behov for leik

Leiken har ein sentral plass og leikens verdi er anerkjent i barnehagane våre. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og bornas eigen kultur. Leiken er ein arena for sosial samhandling og fagleg utvikling. Personale skal inspirera til, og gje rom for ulike typar leik og bidra til at borna opplever glede, humor og gode barndomsminne.

Barnehagen skal fremje danning

Personale i barnehagane våre skal støtta borna i å vera nysgjerrige til omverda og leggja til rette for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Personale skal bida til at borna får ein følelse av å vera viktig for fellesskapet gjennom å jobba med samhald og solidaritet. Borna skal støttast i å uttrykka synspunkt og skapa meining i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen bidra til at borna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yta motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.



Barnehagen skal fremje læring

Barnehagane våre skal ha eit stimulerande miljø som støttar opp om bornas lyst til å leika, utforska, læra og meistre. Barnehagen skal introdusera nye situasjonar, tema, fenomen, material og reiskap som bidrar til meningsfull samhandling. Bornas nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggst til grunn for deira læringsprosess. Dette stiller krav til personale. I barnehagetida skal borna få undersøka, oppdaga og forstå samanhengar, utvida perspektiv og få ny innsikt. Det skal leggst til rette for bruk av heile kroppen og alle sansar i bornas læringsprosessar. Gjennom læringsfellesskapet i barnehagen skal borna bidra i eigen og andre si læring.

Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungera godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som vert utvikla gjennom sosialt samspel. Borna skal erfara å vera verdifulle for fellesskapet og å vera i positivt samspel med born og vaksne. Barnehagane våre skal aktivt leggja til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Dei vaksne skal støtta borns sjølvfølelse, samstundes som borna skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ivareta eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.



Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk

Personale i barnehagane våre skal vera bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og vert påverka av alle sider ved bornets utvikling. Gjennom dialog og samspel skal borna støttast i å kommunisera, medverka, lytta, forstå og skapa mening. Personale skal anerkjenna og verdsetja bornas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, og teiknspråk. Alle born skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle born skal få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ein heilskapleg språkutvikling. Personale skal aktivt nytta verktøy som snakkepakken, språkkista, kartleggingsverktøyet tras, alle med, m.m. Alle born i barnehagane våre skal, i ulik grad og etter behov, delta i språkstimulerande aktivitetar og språkgrupper i løpet av barnehageåret.

Borns medverknad

Personale skal ivareta bornas rett til medverknad ved å leggja til rette for og oppmuntra til medverknad i barnehagekvardagen. Alle born skal få erfara å få innflytelse på det som skjer i barnehagen. Personale skal vera bevisst på bornas ulike uttrykksformer og leggja til rette for medverknad på måtar som er tilpassa bornas alder, erfaring, individuelle føresetnadar og behov. Dei yngste borna og born som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har og rett til å gje uttrykk for sine synspunkt på eigne vilkår. Barnehagen må observera og følgja opp alle borns ulike uttrykk og behov.



Fagområda i barnehagen

Fagområda i rammeplanen skal sjåast i samanheng og vera gjennomgåande i barnehagen sitt innhald. Borna skal utvikla kunnskap og ferdigheiter innanfor fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Fagområda er i stor grad dei same som borna møter i skulen.

Kommunikasjon, språk og tekst

Personale skal bl.a. skapa eit variert språkmiljø, invitera til samtalar, oppmuntre til lek med språk, gje støtte, bruka varierte formidlingsformer og inkludera alle i språkstimulerande aktivitetar.

Kropp, rørsle, mat og helse

Personale skal t.d. vera aktive og tilstadeværande, støtta, utfordra, gje tilgang til varierte og utfordrande aktivitetstilgjeld, bidra til at borna utviklar eit bevisst forhold til å bestemma over eigen kropp og respekt for andre sine grenser og leggja til rette for gode måltidsopplevingar og matglede.

Kunst, kultur og kreativitet

Personale skal t.d. gje rom og støtte borna i bearbeiding av kunst og kultur, vera lydhøyr og imøtekommande for borns eigen tradisjonskultur og barnekultur, vera lyttande og merksam, motivera borna til å uttrykka seg gjennom dans, drama, musikk, synleggjera estetikk og bidra til kulturelt mangfald,

Natur, miljø og teknologi

Personale skal t.d. leggja til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruka naturen

som arena for lek, undring, utforsking og læring, gje rom for undring og refleksjon, synleggjera naturfenomen og reflektera over samanhengar i naturen, utforska og eksperimentera med teknologi og naturfenomen med borna.

Antal, rom og form

Personale skal t.d. bruka matematiske omgrep, inspirera borna til matematisk tenking gjennom t.d. bøker og spel, styrka bornas nysgjerrigheit og matematikkglede med utgangspunkt i bornas uttrykksformer, berika bornas lek og kvardag gjennom samtalar og matematiske idear, og stimulera og støtta bornas evne og utholdenheit i problemløysing.

Etikk, religion og filosofi

Personale skal t.d. formidla forteljingar og skapa rom for bornas tankar og interesser, utforska og undra seg over eksistensielle og filosofiske spørsmål saman med borna, gje borna kjennskap til og markera merkedagar, høgtider og tradisjonar, samtale om religiøse og kulturelle uttrykk og identifisera verdikonfliktar i kvardagen.

Nærmiljø og samfunn

Personale skal t.d. gje borna erfaringar om at deira val og handlingar påverkar situasjonar, introdusera borna for personar og stader i nærmiljøet, hjelpa borna med å orientera seg trygt, skapa tilhøyrse, gje borna like moglegheiter og fremja likestilling, gje borna forståing om at samfunnet er i endring, introdusera samisk kultur og levesett og gje borna ei innføring i tydinga av menneskerettar, særleg barnekonvensjonen.

Laget rundt borna

Tidleg innsats

Barnehagane i Kvam har eit godt samarbeid med dei andre kommunale tenestene som arbeider med born. Det er jamlege samarbeidsmøte med helsestasjon og PPT. Ved bekymringar knytt til vald eller overgrep drøftar me saker med konsultasjonsteamet.

Tidleg innsats handlar både om å oppdaga tidleg og å gje tidleg hjelp i bornet sitt liv når utviklinga ikkje går som forventa. Dette er både ei nasjonal satsing, og viktig del av Kvam herad sine overordna målsetjingar innan barnehagefeltet. Barnehagane arbeidar førebyggjande i alt sitt pedagogiske arbeid. Me har interne rutinar for å fanga opp born som treng ekstra fokus og hjelp, og set i gang med aktuelle stimulerande tiltak i samråd med foreldre. Dette er i tråd med Rammeplanen (2017), som vektlegg tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for born som treng ekstra støtte. Støttesystemet for barnehagane i Kvam skal hjelpa barnehagane i dette arbeidet.


Barnehagane er med i arbeidet knytt til oppvekstreforma, og oppvekstplanen gjer oss god retning på kva me skal ha fokus på. Våre utvalde beskyttande faktorar er Trygge vaksne, Mangfald vert sett på som ein ressurs og Høg kvalitet på opplæringa. I 2025 fekk alle samarbeidstenestene opplæring i opplæringsprogrammet Tidlig inn som skal hjelpa personale til å kommunisera og gje nødvendig hjelp til familiar med utfordringar knytt til rus, økonomiske utfordringar, psykisk helse og vald i nære relasjonar.

Lågterskeltilbod

PPT gjev styrar/ped.leiar/spesialpedagog rettleiing ut frå barnehagen sitt behov, og hjelper med vurdering/tiltak i høve gruppa/enkeltborn, anonymt eller med samtykke. I tillegg deltek PPT i nettverk, gjev kompetanseheving, logoped kan gje ei vurdering av språk, gjennomfører observasjonar og samtalar med foreldre utan at dei er tilvist PPT.

Spesialpedagogar i barnehagen

Barnehagane har, i ulik stillingsstørrelse, spesialpedagog i barnehagen. Spesialpedagogen skal jobba med førebygging, kompetanseheving/rettleiing, inkluderings- og enkeltvedtaksarbeid. Målet er å styrkja det ordinære barnehagetilbodet. Fleire born skal få støtte og hjelp tidlegare ved at eventuelle vanskar/utfordringar vert arbeidd med på eit tidleg tidspunkt slik at bornet vert betre rusta til å meistra utfordringar. Ved denne ordninga får Kvam eit gjennomgåande støttesystem frå barnehage til ferdig grunnskule.



Samarbeid med heimen

Det er viktig at barnehage og heim samarbeider godt. Foreldre får tilbod om foreldresamtale ein gong i året i tillegg til dagleg dialog ved levering og henting. Foreldre kan til ei kvar tid avtala tid til samtale med pedagogisk leiar. Det vert arrangert foreldremøte om hausten.

Barnehagane i Kvam nyttar MyKid som kommunikasjonsform med foreldre. Her vert det lagt ut informasjon, foreldre gjev beskjed om barnet har fri eller er sjuk, osv. Det er viktig at begge foreldre har varsling på MyKid og nyttar det aktivt. Det er viktig at barnehagen får informasjon om endringar i heimen som påverkar barnet.

Barnehagen pliktar å informera born og føresette om deira rettigheter dersom barnehagen ikkje oppfyller sine plikter og dersom det fysiske miljøet kan ha negativ innverknad på helse jf. HMBS §17.

Foreldreråd og samarbeidsutval (SU)

For å sikra samarbeidet med heimane, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og SU.

Foreldrerådet består av alle foreldre og skal fremja fellesinteresser og bidra til at samarbeidet skapar eit godt barnehagemiljø. SU skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ med fokus på kva som er best for alle borna i barnehagen. Foreldre og tilsette skal vera likt representert, og eigar kan delta etter eige ynskje.

Overgangar

Me er opptekne av at borna opplever gode overgangar, det gjeld tilvenning ved oppstart i barnehagen, overgang frå avdelingar og overgang barnehage/skule.

Ny i barnehagen

Det skal gjennomførast startsamtale og omvising i barnehagen før barnet byrjar i barnehagen. Barnehagen oppmodar foreldre til å besøka uteområdet og la barnet bli kjent på leikeplassen etter stengetid/helg. Barnehagen oppmodar til å bruka den fyrste veka/5 dagar til tilvenning. Dette for å gjera overgangen så god som mogleg for barnet. Ved oppstart i barnehagen får foreldre meir informasjon om å vera ny i barnehagen og tilvenning.

Overgang frå avdeling til avdeling

Når barnet byter avdeling er det viktig at dei får bli kjent med born og vaksne på den nye avdelinga før overflytting. I forkant av avdelingsbyte besøker barnet ny avdeling. Det er viktig at foreldre brukar god tid i oppstart på ny avdeling for å sikra ein god overgang. Det vert gjennomført intern overføringssamtale ved byte av avdelingar.

Overgang barnehage - skule

Det er viktig med god informasjonsflyt for å sikra gode overgangar. Foreldre og pedagogisk leiar avtalar kva informasjon som skal overførast til skulen. Det er laga ein felles handlingsplan for overgang barnehage -skule i Kvam. Denne sikrar samarbeid mellom skule og barnehage og lik tilvenning før skulestart. Rektor sender informasjon ut til føresette om digital innskriving, innan 1. desember. Rektor inviterer til vårskule før sommarferien, der får borna møta læraren dei skal ha dersom det er avklart. Barnehagepersonalet er med på vårskulen for å tryggje borna.

Felles satsing og kompetanseutvikling



Kompetanseplan

Det er laga ein felles kompetanseplan for alle barnehagane i Kvam. Ei felles satsing for 2025-2028 er trygt og godt barnehagemiljø, BTI, Sjø barnet innifrå, Rekom og kompetansepakkar i regi av Kvam herad. Barnehagelærarar får tilbod om å delta på Utdanningsdirektoratet (UDIR) sin vidareutdanning for barnehagelærarar. Dette er med på å auka kompetansen i barnehagane. Personale har årleg fyrstehjelpsopplæring og livredningskurs for personale. Det blir årleg gjennomført risikovurderingar knytt til aktivitetar, leikeområde, osv. for å førebygga uynskte hendingar. Kvart fjerde år får personale brannvernopplæring i samarbeid med brannvesenet.

Trygt og godt barnehagemiljø

1. januar 2021 fekk barnehagen eit nytt regelverk knytt til psykososialt barnehagemiljø. Den nye lova skal syte for at alle born får ein trygg og god barnehagekvardag. Alle som jobbar i barnehagen har ei plikt til å følge med på at borna har det bra. Viss ein vaksen veit om, eller trur at eit born vert utsett for krenkingar, mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal personale alltid gripa inn og setja i gang tiltak. Det er utarbeida ein handlingsplan for korleis barnehagane i Kvam skal handtera dette. Alle barnehagane skal, på to planleggingsdagar i året arbeida med Udir sine kompetansepakkar om trygt og godt barnehagemiljø. Målet med kompetansepakkane er å bygga opp under ein kollektiv kompetanseutvikling i barnehagen, og bidra til at tilsette får auka kompetanse på trygt og godt psykososialt barnehagemiljø innanfor det gjeldande regelverket.



Regional ordning for kompetanseutvikling (Rekom)

Barnehagane i Kvam deltar i Rekom der målet er å auka kvaliteten på tilbodet borna får i barnehagane. Deltakinga skal bidra til at barnehagane utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga er eitt av fleire verkemiddel som skal sikra at born får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.

Ekstern vurdering er ein metodikk og eit verktøy for kvalitetsutvikling som barnehagen nyttar for å velje ut utviklingsområde. Eksterne vurderarar frå Hardanger/Voss regionen gjennomfører vurderinga saman med ein frå Høgskulen på Vestlandet. Foreldre deltek på foreldremøte i samband med ekstern vurdering og er ei viktig stemme inn i Rekom arbeidet. Personale vert følgt opp i 1 ½ år av Høgskulen på Vestlandet for å sikra framgang, utvikling og kompetanseheving.

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

BTI er ein samhandlingsmodell som skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, born, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. BTI-modellen er utvikla av Helsedirektoratet, og Kvam herad har innført den for å sikra god og systematisk oppfølging av barn og unge. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering. Det er utvikla ein rettleiar

som er oppskrifta på korleis ein går fram i konkrete tilfelle der ein er bekymra for born/ungdom/familiar. Rettleiaren skildrar strukturane og prosessane i arbeidet med barn og unge, både innanfor kvar enkelt teneste og mellom tenestene.

Sjå born innanfrå (SBI)

Alle tilsette har fått opplæring i å sjå born innanfrå i utgangspunkt i tryggleikssirkelen og Circle of security (COS). Det gjev tilsette verktøy til å betre forstå kva behov born har, kva signal dei gjev og kva vaksne kan gjera for å møte desse behova. Målet er at borna skal få hjelp til å kjenna seg trygg og på den måten stå sterkare rusta til å møte utfordringar i livet.

Trafikksikker kommune

Kvam herad er ein trafikksikker kommune. Barnehagane skal ha fokus på tryggleik og opplæring iht. trafikk og det å ferdast i trafikkert område. Personale bidreg til at borna utforskar ulike landskap, vert kjent med institusjonar og nærmiljøet og lærer å orientera seg og ferdast trygt. Dette er tema på foreldremøte om hausten.



Ralltalk Designer for Print

Alle barnehagane våre nyttar programvara Ralltak Designer for Print for å laga symbolbasert materiale i kommunikasjon med born. Personale brukar symbola t.d. som enkeltsymbol, til tematavler, bordbrikker, songar og i bøker. Ved å henga symbola på ei tavla vert aktivitetar synleggjort og borna får ein føreseieleg kvardag i barnehagen. Born med lite språk kan gjera seg forstått på ein rask og enkel måte.



Stine Sofie barnehagepakke

Opplæringsprogrammet Stine Sofie barnehagepakke gjev barnehagetilsette kunnskap om oppdaging og handtering av bekymringar knytt til vald og overgrep mot born. Stine Sofie stiftelsen har utarbeida eit pedagogisk verktøy med bilete og plansjar som barnehagane i Kvam brukar. Verktøyet er tilpassa barnehageborn der dei minste borna t.d. lærer ord og omgrep, medan dei større borna t.d. lærer om kva som er lov og ikkje, om god og vond berøring, m.m. Alle barnehagane skal gjennomføra dette opplegget ei veka i året.



Fleirspråklege born i barnehagen

Barnehagane i Kvam har fleirspråklege born frå ulike nasjonalitetar. Borna startar tidleg i barnehagen, noko som gjev god utteljing når dei byrjar på skulen. Språkopplæringa skal gjevast innafor det ordinære barnehagetilbodet, der leik og språkdujing er hovudfokus. Ved oppstart skal barnehagen bruka tolk i samtale med foreldre for å sikra god dialog. For å gjera oppstarten best mogleg får nykomne flyktningborn morsmålsassistent fyrste månaden i barnehagen om me lukkast å finna kompetanse. Born med anna morsmål enn norsk, kan oppleve barnehagestarten som ei påkjenning. Det kan vera vanskeleg å forstå språket som dei høyrer i barnehagekvardagen og det kan gå lang tid før enkelte born byrjar å bruka norskspråket. Borna lærer mykje av det nye språket sjølv om dei ikkje ytrar seg på norsk, og dei kan forstå store delar av kommunikasjonen som går føre seg i omgivnadane. Personalet må arbeida aktivt for å inkludera borna i kommunikasjon i denne perioden. Det er utarbeida ein felles plan for arbeid med fleirspråklege born i barnehagane i Kvam. I det daglege arbeidet er det viktig at personalet viser genuin interesse for bornet. Bornets tillit til den vaksne vert etablert gjennom trygt samvær, god dialog og samspel. Dialogen kan både gå føre seg non-verbalt (smil, augekontakt, sitje ved sida av, visa interesse for det bornet held på med, visa korleis ting skal gjerast) og verbalt.



Felles verktøy



Barnehagane i Kvam har mange verktøy til bruk i oppfølging av born. Her er lista opp dei verktøya som er felles og som alle barnehagane skal nytta.

- LP
- Fargekartlegging
- Kontaktbarometer - sjekklisterelasjon barn/vaksne
- Observasjon
- BTI
- Snakkepakken
- Tras
- Språkkista + APP
- Boka mi
- Visuell dagsplan
- Rolltalk designer for print
- Pegasus
- Katkassen
- Språkgrupper
- Språksprell
- Snakke med barn – RVTs
- Trygg til handling – RVTs
- Praksisforteljing
- Alle med
- Leikegrupper
- Leikeregistrering
- Barnesamtalar
- Nya SIT
- Stine Sofie barnehagepakke
- Sjå barnet innanfrå
- Tidleg Inn



Felles planar for barnehagane i Kvam

- Årsplan
- Progresjonsplan (den enkelte barnehage lagar sin eigen)
- Kompetanseplan 2021 – 2025
- Årshjul HMS arbeid i barnehage
- Årshjul for LTV møter
- Trafikksikker kommune
- Overgang barnehage/skule
- Plan for førebyggjande arbeid mot mobbing i barnehagen
- Støttesystem, spesialpedagogisk arbeid
- Kriseberedskap barnehage
- Foreldremøteplan
- Plan for fleispråklege born i barnehagen
- Smittevernplan
- Oppvekstplan





Velkommen





Årsplan for Tørvikbygd barnehage 2025-2026

Velkommen til Tørvikbygd barnehage!

Nye Tørvikbygd barnehage opna i 2016, med dei tre avdelingane Nuten, Eikjå og Vesoldo.

Barnehagen ligg sentralt i Tørvikbygd, med kort veg til både skog, fjøre, ferje og tidlegare skuleområde.

Ved oppstart haust 2025 er me til saman 13 born i alderen 1-5 år. Alle borna er på avdeling Nuten

I nokre aktivitetar blir borna delt inn i aldersgruppene Spurvane (1-2 år), Uglene (3 år) og Ørnene (4-5 år)



Praktiske opplysningar

**Tørvikbygd
barnehage
Tørvikbygdvegen 343**

Opningstid: 07.00-16.15

Telefon: 94157935

E-post:

grebra@kvam.kommune.no

gunmo@kvam.kommune.no

Nuten tlf: 95740909

Eikjå tlf: 48146451

Styrar:

Grethe-Lill Bråten

Vikar for styrar:

Gunn Anita Mo

Pedagogar:

Synneva Heradstveit

Lisa Øfsti Ormbostad

Fagarbeidar:

Ingrid Taranger Kolltveit

Christine Steine Mjelde

Spesialpedagog:

Cathrine Austestad

Samarbeidsutvalet (SU) 2025-2026

Ingrid Rykkje Straumstein – Leiar

Torunn Belt - Vara

Synneva Heradstveit – Tilsettes
representant

Stig Aase – Politisk representant

Grethe-Lill Bråten - Styrar i barnehagen



PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Opningstid:

Barnehagen er open
7.00-16.15.

Maks opphaldstid i
barnehagen er 9
timar per dag.

Mykid:

Barnehagen nyttar
kommunikasjonsløysinga
MyKid.

Her finn du nyheitsbrev frå
barnehagen, informasjon frå
avdelinga, dagen i dag,
invitasjon til
foreldremøte/foreldresamtale,
løyveskjema, årsplan for
barnehagen, mm.

På heimesida: Kvam.no/barnehage finn de m.a. informasjon om:

- Korleis søkja plass i barnehagen (digital søknad)
- Vedtekter for barnehagane i Kvam herad
- Barnehageruta (når er barnehagen stengt, ferie)
- Informasjon om foreldrebetaling, --
søknadsskjema for å søkja moderasjon ved låg
inntekt.
- Informasjon om Trygt og godt barnehagemiljø

Kjernetida i barnehagen er 9.30-14.30.

Dersom barnet ditt er sjuk, har fri eller kjem seinare
enn vanleg ber me dykk om å melda frå til
barnehagen innan kl. 9.30 om morgonen, enten på
sms til avdelinga eller registrer på Mykid.

Veit du at barnet skal vera vekke frå barnehagen fleire
dagar på rad, meld frå - det forenklar barnehagen si
organisering.

**Dersom andre enn foreldra skal hente barnet i
barnehagen er det svært viktig at de gjev oss beskjed
om dette.**

Foreldrebetaling:

Det er
forskuddsbetaling på
kr. 1200 for 100%
plass. Matpengar på kr.
418 kjem i tillegg.

Ved for sein henting,
dersom barnet ikkje er
teken ut av barnehagen
til kl. 16.15, vil det bli
eit gebyr på 250 kr.
Gebyret kjem på
foreldrebetalinga.



Våre satsingsområder barnehageåret 2025-2026

Språk og
språkmiljø

Sosial
kompetanse

Språk og språkmiljø

Satsingsområdet tek utgangspunkt i fagområdet "kommunikasjon, språk og tekst", og omhandlar store delar av barnehagekvardagen.

Eit språkmiljø består i hovudsak av tre faktorar: fysiske omgjevnadar, sosial organisering og menneska. Slik arbeider me med språkmiljø:



- Personalet er bevisst på kvardagssamtalens betydning for språkutvikling, og nyttar samtale aktivt som verkemiddel for språkstimulering i kvardagsaktiviteter.
- Personalet er språklege rollemodellar og har eit bevisst forhold til korleis me kan bidra til god språkstimulering og utvikling i barnehagen.
- Me nyttar song, rim, regler, forteljingar og høgtlesing jamleg både i samling og i kvardagssituasjonar saman med borna.
- Me gjev borna felles referansegrunnlag gjennom felles opplevingar som kan inspirera til ny lek.
- Personalet arbeider jamleg med å lage eit leikemiljø basert på bornas interesser.
- Me heng dokumentasjon i bornas høgde for å lage til språklege møteplassar.



Språk og språkmiljø

Måtar me støtter dei minste bornas språkutvikling:

- Peiker på, namngjev
- Følgjer barnas interesser
- Har faste rutinar dei kjenner att
- Lærer oss kjende songar og eventyr
- Gjev nok tid til å svare
- Lese bøker saman, peike og snakke saman om bilete
- Svarar og utvidar bornas uttrykk
- "Badar" borna i språk



Måtar me støtter dei største bornas språkutvikling:

- Stiller opne spørsmål og oppmuntrar til samtale
- Me er interesserte og lyttar aktivt til borna
- Lærer songar med fleire vers og les lengre bøker
- Språkgrupper og språksprell
- Støttar og legg til rette for samarbeid og samhandling mellom borna
- Dialogisk høgtlesing, metasamtale om bokas handling og innhald

SOSIAL KOMPETANSE

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der borna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Borna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler (KD, 2017)



Unikt for Tørvikbygd barnehage er at små og store er saman, noko som påverkar samspelet mellom borna. Å kunne visa omsyn til andre og regulere seg sjølv gjennom stemmebruk og tempo blir viktig for å sikre eit trygt og godt miljø for alle borna.

Leiken er viktig for utvikling av den sosiale kompetansen. Å leike saman krev at borna prøver å visa omsyn til, og forstå andre borns perspektiv. Det krev å kunne tilpassa leikehandlingane på ein måte som passar inn i leikens ramme, forhandle fram eigne forslag og gje rom og plass for andre borns innspel. I barnehagen får difor leiken stor plass, både i organisert form og gjennom frileik. Dei vaksne er bevisst deltakande eller observerande.



Unikt for Tørvikbygd barnehage



- Me har vår eigen kjøkenhage i barnehagen. Der får borna vera med å så og hauste grønsaker og bær som me nyttar til varmmat. Me er opptekne av å tilby borna god mat. Me lagar all varmmat frå botnen, og me tilbyr og heimebaka brød og havregraut i løpet av veka.
- Me er glade i vatnleik i barnehagen, og tek ofte fram spyleslangar, flaskar, båtar og kar til vatnleik ute. Me har og eit eige rom for vatnleik inne i barnehagen.
- Barnehagen ligg flott til i Tørvikbygd kor me har nærleik til både skog og mark og fjell og sjø i miljøet rundt. I tillegg er barnehagens uteområde prega av både flat mark og terreng i form av haugar og bakkar som me synest er kjekt å klatra på. Dette er ein flott arena for å få og få øvd opp grovmotorikken.

Vaksenrolla


- ❖ Alle vaksne skal bidra til å styrkja borna si sjølvoppfatning og evne til livsmeistring.
- ❖ Alle vaksne skal ha ein anerkjennande væremåte bygd på verdiar som likeverd og respekt.
- ❖ Alle vaksne skal kjenna si eiga definisjonsmakt slik at den ikkje vert misbrukt.
- ❖ Alle borna skal kjenne at dei høyrer til. Kvar og ein skal vera trygg på at ein vert inkludert. Fellesskapet skal vektleggjast både i barn-vaksen relasjonen, og i heile gruppa. Vaksne skal også seg imellom ha eit trygt klima.
- ❖ Alle vaksne skal arbeide med kvalitet i samspelet mellom barn og vaksen. Verdset ein barnet med kjærleik, verdset barnet seg sjølv med kjærleik. Omsorgspersonar verkar som speglar for barnet. Barnet byggjer si eiga oppfatning av seg sjølv ut frå kva dei registrerar av reaksjonar frå omverda.
- ❖ Alle vaksne skal kunne noko om barns utvikling, slik at ein kan leggja til rette for utforsking og ny meistring etter kvart som borna blir eldre.
- ❖ Alle vaksne skal forhalda seg aktiv til barnas leik.





Slik vil me i barnehagen skildre oss sjølve:



August og September

Tema	Mål og fagområder	Arbeidsmetode
Oppstart og tilvenning 	Ein god oppstart og tilvenning for nye barn. Sørge for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhøyrslse til barnehagen.	Personalet må møte alle borna på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn. Alle borna har ein primærkontakt, som og har eit særleg ansvar for dagleg kontakt med foreldra. Me deler oss i mindre grupper for aktivitetar og leik.
Forteljinga “Geitekillingen som kunne telje til 10” 	Alle skal bli kjent med eventyret om geitekillingen som kunne telje til ti. Gjennom dette arbeidet skal me ha fokus på historia, teljinga og å lære meir om dyra. Fagområder: kommunikasjon, språk og tekst, mengd, rom og form, natur, miljø og teknologi Kunst, kultur og kreativitet	Lese og fortelje forteljinga. Bruke konkretar i formidlinga. Øve oss på å telje opp til ti. Lære om dei ulike dyra. Fokus på eit eller fleire dyr i veka. Besøke dyr/gardsbesøk Formingsaktiviteter-me lagar dyra og nyttar ulike metodar.
Brannvern 	Gjennomføre “brannvernveke” kor me lærer litt om brannvern og gjennomfører ei brannøving Fagområder: Nærmiljø og samfunn Kunst, kultur og kreativitet Mengd, rom og form	Samlingar kor me nyttar plansjar frå “Brannvern med Bjørnis” Besøk av brannbil og Bjørnis i barnehagen Leik og aktivitetar knytt til tema
Haust: årstida og arbeid i kjøkenhagen 	Borna skal få oppleve og utforske naturen i barnehagen og nærmiljøet. Gjennom arbeid med kjøkenhagen ynskjer me å gje borna innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid.	Me er ute kvar dag og i allslags vær. Me sansar naturen og årstida. Me går på tur i nærmiljøet og bruker dei naturressursane som finnes i nærleiken. Hauste eple og lage eplemos. Hauste grønsaker frå kjøkenhagen og bruke til


Oktober og November

Tema	Mål og fagområder	Arbeidsmetode
Forteljinga: “Geitekillingen som kunne telje til ti” (fram til haustfesten) og “Skinnvotten”  	Alle skal bli kjent med forteljinga om skinnvotten gjennom forteljing og dramatisering. Borna skal få møte eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer. Delmål: lære om dyra i eventyret Fagområder: Kommunikasjon, språk og tekst Kunst, kultur og kreativitet	Avslutte tema geitekillingen med dramatisering på haustfest. Borna får og øva på formidling av forteljinga i samlingsstund med støtte av ein vaksen og andre born. Fortelja eventyr med konkretar. Dramatisering og framføring av eventyra. Formingsaktiviteter der me lager ulike dyr og kostymer. Dramatisering av eventyret skinnvotten for foreldre på lyktefest. Lage ei “kunstutstilling” av det me har laga i haust som foreldre kan sjå på lyktefest.
Haut årstida og arbeid i kjøkenhagen 	Borna skal få oppleve og utforske naturen i barnehagen og nærmiljøet. Gjennom arbeid med kjøkenhagen ynskjer me å gje borna innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid. Fagområder: Kropp, rørsle, mat og helse Natur, miljø og teknologi	Hauste inn resten av gulrot og poteter. Me er ute kvar dag og i allslags vær. Me sansar naturen og årstida. Me går på tur i nærmiljøet og bruker dei naturressursane som finnes i nærleiken. Ha haustfest med eigenprodusert mat.
Hautfest (for borna) 23.oktober Farsdag 9.november Lyktefest med foreldre 27.november	Borna får arbeide med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd ute og inne. Borna møter eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og utforskar og deltek i kunst- og kulturopplevingar saman.	Alle får lage ei lita merksemd til far i anledning farsdag.

Desember

Tema	Mål og fagområder	Arbeidsmetode
Advent og jul 	La borna få kjennskap til forteljingar og tradisjonar knytt til advent og julehøgtida. Gjennomføre ei roleg førebuing til høgtida Alle skal få utfalde seg kreativt og lage pynt og gåver til familien sin. Fagområder: Etikk, religion og filosofi Kunst, kultur og kreativitet	Krybbevandring – Tilsette frå kyrkja kjem i barnehagen og tek oss gjennom ei dramatisering av juleforteljinga. Velge ei biletebok med juletema me fordjupar oss i denne månaden. Adventspirale-me tenner lys og har ei stemningsfull stund i lag. Lage julegåver. Nissefest med graut.


Januar og Februar

Tema	Mål og fagområder	Arbeidsmetode
Boka: Tambar er eit troll 	Alle skal gjennom høgtlesing og forteljing bli kjent med boka “Tambar er eit troll” Delmål: Fordjupe oss i troll Fagområder: Kommunikasjon, språk og tekst Kunst, kultur og kreativitet	Boka blir lest og fortalt frå i samlingsstunder og i mindre grupper. Ulike formingsaktiviteter med tema Tambar og troll. Me høyrer “trollmusikk” og dansar. Me har utklekningsfest med tema Tambar/ troll.
Fastelavn 	Borna skal få kjennskap til lokale tradisjonar i høve fastelavn. Fagområde: Etikk, religion og filosofi	Me lagar fastelavnsris og pynt. Fredag før fastelavn lagar me bollar og serverer med syltetøy og krem.
Årstida: vinter  	La borna få friluftserfaringar om vinteren og bruke naturen som arena for lek og læring. Personalet skal vere aktive og nærverande, støtte og utfordre borna til variert kroppsleg lek og anerkjenne barnets meistring. Fagområde: Natur, miljø og teknologi.	Me er ute kvar dag og i allslags vær. Me sansar naturen og årstida. Me går på tur i nærmiljøet og bruker dei moglegheitene som finnes i nærleiken. Me vil eksperimentere med snø, is og kulde. Om det er snø vil me ha akedag, skiaktivitetar og leike med snøen på ulike vis.
Samefolkets dag 6.februar  Morsdag 8.februar	Borna skal få kjennskap til at samane er Noregs urfolk, og få noko kjennskap til samisk kultur. Blir kjende med ulike tradisjonar og levemåtar. Fagområde: Nærmiljø og samfunn	Markere samefolkets dag i barnehagen. Ha samisk kultur som tema i samlingsstund og aktivitetar i veka før. Alle får lage ei lita merksemd til mor i anledning morsdag.

Mars og April

Tema	Mål og fagområder	Arbeidsmetode
Forut-barneaksjonen Hav og vatn 	Borna skal få lære om kvardagslivet til barn i andre land. Gjennom tema som barnerettigheter, tryggleik, helse og ulikheit i levekår. Gjennom denne aksjonen dekker me desse områda i rammeplanen: 1. Mangfald og gjensidig respekt: Lær om ulike kulturar og levesett. 2. Omsorg, vennskap og fellesskap: Styrk barnas sosiale ferdigheiter. 3. Kommunikasjon og språk: Ta i bruk forteljingar, musikk og plakatar. 4. Kunst, kultur og kreativitet: Aktivitetar som utfordrar barnas kreativitet. 5. Etikk, religion og filosofi: Reflekter over etiske spørsmål og bygg empati og solidaritet ved å lære om andre barns livssituasjonar. 6. Mangfald og gjensidig respekt: Lær om ulike kulturar og levesett. 7. Nærmiljø og samfunn: Lær om samfunnsansvar og viktigheita av å hjelpe andre. Barna skal bli kjent med livet i vatn og sjøen.	Gjennom film, historier og musikk skal me bli kjent med Sajana, som bur på Sri Lanka, og korleis livet hennar er. Me skal lære om plast i havet og plukke boss på stranda. Turar til sjøen. Me ynskjer å besøke Hardingsmolten i samband med tema om havet. Me leiker med vatn inne og ute.

Mars og April

Påske	La borna få kjennskap til forteljingar og tradisjonar knytt til påske. Alle skal få utfalde seg kreativt og lage påskepynt. Fagområder: Etikk, religion og filosofi Kunst, kultur og kreativitet	Påskevandring – Tilsette frå kyrkja kjem i barnehagen og tek oss gjennom ei dramatisering av påskeforteljinga. Lage påskepynt. Ha gul/påskelunsj i barnehagen.
Besteforeldrekaffi		Me vil invitere besteforeldre/oldeforeldre til å være saman med oss ei ettermiddagstund i barnehagen.
Vår Årstida og arbeid i kjøkenhagen 	Borna skal få oppleve og utforske naturen i barnehagen og nærmiljøet. Gjennom arbeid med kjøkenhagen ynskjer me å gje borna innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid. Fagområder: Kropp, rørsle, mat og helse Natur, miljø og teknologi	Me er ute kvar dag og i allslags vær. Me sansar naturen og årstida. Me går på tur i nærmiljøet og bruker dei naturressursane som finnes i nærleiken. Me ser etter vårteikn i naturen. Me sår frø, set potet og jobbar i kjøkenhagen.

Mai, Juni og Juli

Tema	Mål og fagområder	Arbeidsmetode
17.mai 	Bli kjent med lokale og nasjonale tradisjonar knytt til 17.mai.	17.mai: Me øver oss på songar og på å gå i tog. Me fargelegg flagg.
Satsingsområde: språk og språkmiljø	Borna skal oppleve spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale. Personale skal invitere til ulike typar samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål. Fagområder: Kommunikasjon, språk og tekst	Velgje ei bok eller ein bokserie som me fordjupar oss i. Bli kjent med teksten gjennom lesing, leik og tilhøyrande aktivitetar.
Årstida. Vår og sommar 	Borna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling. Lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen. Fagområder: Natur, miljø og teknologi Nærmiljø og samfunn	Me går turar i nærmiljøet. Gå tur for å plukke boss.
Kjøkenhagen	Barna skal få oppleve og utforske naturen i barnehagen og nærmiljøet. Gjennom arbeid med kjøkenhagen ynskjer me å gje barna innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid.	Me fortset arbeidet i kjøkenhagen, sår fleire sortar. Vatnar og passar på vekstane våre. Haustar og smakar på tidlege sortar.